

**Fra:** Berntsen, Tale (Tale.Berntsen@bergen.kommune.no)

**Sendt:** 22.06.2017 12:44:21

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** 2014- 17126 Høyring - Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

**Vedlegg:**

### **Høringsuttalelse til regional plan for kompetanse og arbeidskraft. 2014/17126**

Byrådet i Bergen kommune behandlet saken i møtet 150617 sak 1184-17 og fattet følgende vedtak:

1. Byrådet i Bergen gir høringsinnspill til Hordaland fylkeskommunes planforslag til regional plan for kompetanse og arbeidskraft, slik det går frem av sakens pkt 3:

«Formålet med *Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* er å bidra til å sikre en mer robust forsyning av arbeidskraft og fremtidsrettet kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Bergen kommune slutter seg til dette formålet og hovedmålene i planen slik disse er formulert.

Bergen kommune er regionens største arbeidsgiver. Kommunen er avhengig av tilstrekkelig kompetent arbeidskraft både i dag i årene som kommer. Kravene til formell kompetanse i form av utdanning har blitt sterkere i kommunesektoren som i samfunnet ellers. Kommunen etterspør dermed faglært arbeidskraft fra alle nivå i utdanningssystemet. Rett dimensjonering av utdanning, spesielt innen helse, omsorg og undervisningssektoren, er avgjørende for å møte rekrutteringsbehovet i fremtiden. Samtidig opplever kommunen som arbeidsgiver at vi har behov for ny kunnskap og nye perspektiver for å håndtere utviklingen i samfunnet. I møtet med den demografiske utviklingen vil arbeidsgivere i kommunal sektor være nødt til å tenke annerledes for å møte innbyggerens behov for tjenester. Dette bunner både i knapphet på arbeidskraft og i brukernes forventinger til tjenestenes volum og innhold. Den teknologiske utviklingen gir muligheter for å utnytte eksisterende arbeidskraft på nye måter, men krever samtidig at våre ansatte har mulighet til faglig oppdatering.

*Regional plan for kompetanse og arbeidskraft* er innom svært mange områder som er viktige for utviklingen i regionen. Bergen kommune vil spesielt understreke følgende punkter:

Kommunen har behov for tilstrekkelig arbeidskraft med relevant utdanning og kompetanse. Dette gjelder spesielt innen helse og omsorg- og undervisningssektoren. Det må utdannes nok kandidater innen disse områdene. Utdanningsinstitusjoner på alle nivå må være åpne og lyttende til arbeidslivets behov, både med tanke på innhold i utdanningene og dimensjonering av studieplasser. Det er viktig med tett kontakt og mulighet for fleksible overganger mellom de ulike nivåene i utdanningssystemet slik at det blir enkelt for arbeidsgivere og den enkelte arbeidstaker å oppnå nødvendige justeringer og endringer i kompetansen gjennom et yrkesliv.

Omstillingsdyktighet er viktig i både arbeidsliv og i utdanningssystemet. I et fremtidig arbeidsmarked preget av konjunktursvingninger og teknologisk utvikling er det viktig å bruke de menneskelige ressursene det er mest bruk for dem. En forutsetning for dette er å utvikle fleksibilitet i utdanningssystemet til å fange opp endrete og nye behov for kompetanse. Dette gjelder både behovet for videreutvikling/kompetanseheving innenfor et fagområde, men også omstilling fra ett fagområde til et annet. Kommunesektoren vil fremdeles være en arbeidskraftintensiv sektor. Det vil være i hele samfunnets interesse å legge til rette slik at personer som står utenfor arbeidsmarkedet, enten det er på grunn av konjunktursvingninger, manglende kompetanse eller helserelaterte problemstillinger, kan skaffe seg relevant kompetanse og kvalifikasjoner som er nødvendige i de sektorene som trenger arbeidskraft.

Teknologisk utvikling skaper nye muligheter for å produsere tjenester. For å utnytte dette må det være fleksible utdanningsløp både innen primærutdanning og innen etter- og videreutdanning slik at både en enkelte og samfunnet får anledning til å bruke og utvikle kompetansen best mulig.

Karriereveiledning er et sentralt verktøy for å ta gode beslutninger med tanke på utdanning og yrkesvalg. En forutsetning for god veiledning er mulighet for oppdatert kunnskap og etterutdanning for dem som praktiserer dette. Det norske arbeidsmarkedet er sterkt kjønnsdelt og preger også ungdoms utdanningsvalg. Dette kan ha konsekvenser for utviklingen av arbeidskraft og fremtidsrettet kompetanse i ulike sektorer. Disse tendensene bør tematiseres i forbindelse med kompetanseheving av veiledningstjenesten.

Bergen kommune ønsker velkommen initiativet til å utvikle en samarbeidsarena på regionalt nivå for diskusjon om endringsfaktorer og fremtidige kompetansebehov. En slik forpliktende og regelmessig kontakt mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørene vil være et avgjørende bidrag til å nå målsettingene i planen.

### *Oppsummering*

Bergen kommune slutter seg til formålet og hovedmålene i planen slik disse er formulert.

Kommunen ønsker velkommen initiativet til å utvikle en arena for forpliktende samarbeid på regionalt nivå mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørene.

Balanse mellom tilbud og etterspørsel etter kompetanse er viktig. Utdanningsinstitusjoner på alle nivå må være fleksible og lyttende til arbeidslivets behov, både med tanke på innhold og dimensjonering av utdanning.

Utvikling og omstilling i ulike sektorer må møtes med relevante og fleksible etter- og videreutdanningstilbud slik at både samfunnet, arbeidsgivere og den enkelte får utnytte tilgjengelig kompetanse og kapasitet best mulig.»

Saksfremstillingen finnes her:

[http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK\\_filer/bksak/2017/BR2/2017317447-7000084.pdf](http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak/2017/BR2/2017317447-7000084.pdf)

Alle dokumentene i saken finnes her:

[http://www3.bergen.kommune.no/bksak/utv\\_caseinfo.asp?utvalg=BR2&caseno=79149&dayno=1184&Year=2017-6-15&db\\_source=1](http://www3.bergen.kommune.no/bksak/utv_caseinfo.asp?utvalg=BR2&caseno=79149&dayno=1184&Year=2017-6-15&db_source=1)

vennlig hilsen

**Tale Nesmann Berntsen**

spesialrådgiver

**HR konsern/ HR rådgivning**

Byrådsavdeling for finans, innovasjon og eiendom

Bergen kommune

Telefon: 55 56 57 29| 48 04 30 82

**REGIONAL PLAN FOR KOMPETANSE OG ARBEIDSKRAFT –  
UTTALE FRÅ BØMLO KOMMUNESTYRE I MØTE 19. JUNI 2017 - SAK 73/17**

**Høyringsvaret er i 4 punkt. I tillegg peikar kommunestyret på manglande samanheng mellom den faglege tilnærminga som er nytta med omsyn til lokalisering av utdanningsinstitusjonar og realitetane i politikken som vert ført.**

1. Bømlo kommune sluttar seg til det overordna målet i planen - *sikre betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.*
2. Denne balansen må sikrast i alle delar av fylket og lokalt næringsliv og lokale styremakter, som kjennar dei laupande behova best, må vere sentrale premissgjevarar når prioriteringar skal gjerast. Lokalt næringsliv og lokale styresmakter/kommunar må derfor ha reell påverknad på dei prosessane som skal sikre denne balansen.
3. Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag er å *skape ei ønska samfunnsutvikling for eigne lokalmiljø og for regionen samla.* Bømlo kommune er særst godt nøgd med at planen understrekar fylkeskommunen sitt ansvar for å sikre utvikling av eigne lokalmiljø.
4. Planen konstaterer at det er klar samanheng mellom lett å få tilgang på kompetent arbeidskraft og kor nær utdanningsinstitusjonane og føretaka er lokalisert. Bømlo kommune er særst nøgd og samd med formuleringa som er nytta i planen og at dette også må realiserast i praktisk politikk.

*«Generelt vil det vere slik at jo nærare føretaka er lokalisert utdanningsinstitusjonane, jo lettare vil det vere å få tilgang på kompetent arbeidskraft. Mobiliteten til både elevar og arbeidstakarar utanfor bergensområdet er i tillegg låg. Lokalisering utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil difor ha betydning for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekkja».*

-

**Utdanningsinstitusjonane må derfor vere nært lokalisert i forhold til føretaka. Det er derfor ikkje samsvar mellom dei gode intensjonane i denne planen som no er på høyring, og realitetane, når ein gjennom skulebruksplanen legg ned den vidaregåande skulen i Rubbestadneset og slår den saman med Bømlo vidaregåande skule på Bremnes, utan at det er gjort ei grundig vurdering av lokaliseringa.**

**Hordaland fylkeskommune må difor gjere ei ny vurdering av sitt lokaliseringsvedtak, særleg med omsyn til den industrisatsinga som no skjer i Rubbestadneset, ei satsing som ikkje var kjent for fylkestinget då dei gjorde sitt vedtak den 4 oktober 2016.**

**Bømlo 19. juni 2017  
Geir E. Aga  
Rådmann**



## Høyringsvar om regional plan for kompetanse og arbeidskraft Hordaland

### Bømlo Næringsråd

Bømlo Næringsråd er interesseorganisasjonen for alle som driv næring på Bømlo. Me representerer 90 bedrifter, med nær 4000 tilsette og over 8 mrd kr i årleg omsetning.

### Mål

Bømlo Næringsråd stiller seg bak både det foreslåtte overordna målet og dei tre foreslåtte hovudmåla. Men me vil understreka at målet om betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane må visa att i praktisk politikk.

### Bømlomodellen

Bømlo Næringsråd vil peika på **Bømlomodellen** for relasjon og samhandling mellom kommune, næringsliv og vidaregåande skule som eit godt døme på korleis utdanning og arbeids- og næringsliv jobbar saman for å utvikla seg i takt med kompetansebehovet i kommunen og regionen vår. Me vil oppmoda om at **Bømlomodellen** vert støtta opp under og vidareutvikla for å visa korleis ein kan oppnå tettare kontakt mellom vidaregåande skular og lokale bedrifter.

### Samhandling i fylkeskommunen

Bømlo Næringsråd har gjennom dei siste åra generelt og det siste året spesielt observert at tenesteområda "Utdanning" og "Nærings- Samfunnsutvikling" ikkje kommuniserer godt nok. Ei strategisk samhandling mellom desse områda og ein meir heilskapleg tankegang ville gjort godt for samfunnsutviklinga. Dette ser me at høyringsutkastet tek opp, og me håpar det vert omsett i konkret handling. Skuleutvikling er alt for viktig for samfunnet til at det kun er kortsiktige bedriftsøkonomiske omsyn knytta til skuledrifta som vert styrande. Me oppmodar om at ein ser heilskapleg på korleis ein skal utvikla skulen, lokalsamfunna, næringslivet og dermed heile Hordalandskompetansen og -konkurranskrafta.

## **Linjestructur og dimensjonering av fag- og yrkesopplæring**

Bømlo Næringsråd meiner at detaljbeslutningar om linjestructur og dimensjonering bør takast på lokalt nivå. At fylkestinget vedtek linjetilbod ("bokstavkombinasjonane") meiner me er ei uheldig detaljstyring som ikkje tener næringslivet og samfunnet for øvrig sine behov. Me meiner at fylkestinget skal vedta rammer og at ein lokalt skal utvikla linjetilbod. Dimensjoneringa må attspegla prognosane for utvikling i ungdomskull. Me tillet oss å påpeika at desse er stabile for Bømlo i åra som kjem.

## **Lokal kompetanse og utvikling**

Planen seier at det er klar samanheng mellom kor lett ein får tilgang på kompetent arbeidskraft og kor nært utdanningsinstitusjonane og bedriftene er lokalisert. På Bømlo har me ein variert næringsstruktur, med høg andel sysselsette i industrien. Bedriftene konkurrerer på verdsmarknaden, med høg eksportandel. Krava til kompetanse- og teknologiutvikling er høge. Dette må visa att i organisering av skuletilbod.

Gode lokalmiljø og utviklinga av desse heng nøye saman med kor lenge ungdommane er busette lokalt. Skal Bømlosamfunnet utvikla seg vidare, må ein oppretthalda og utvikla det vidaregåande skuletilbodet. Ungdommane er med på å halda oppe eit rikt kultur- og idrettsliv, og det er bevist at sannsynet for å venda tilbake til lokalmiljøet sitt etter endt høgare utdanning og arbeidserfaring andre stader, er vesentleg større når ein tek den vidaregåande utdanninga si lokalt. At ungdommane får med seg den lokale gründerkulturen er heller ikkje skadeleg for samfunnsutviklinga.

Oversiktlege lokal- og skulemiljø er også viktig for å hindra skulefråfall. Fråfall har som kjend ikkje ubetydelege kostnader for samfunnet.

Styret i Bømlo Næringsråd, 22.06.2017

Ove Grønås

Lars Magne Endresen

Kjetil Aga Gjøsæter

Solfrid S Stavland (nestleiar)

Simon Nesse Økland (leiar)

# Høyringsinnspel «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» - frå Hordaland fagskulestyre

## Innleiing

Hordaland fagskulestyre seier seg særst nøgd med at fagskuletilbodet er omtalt og har fått stor plass i planen. Styret er einig i påstandane i pkt 5.2, under overskrifta «Ein tydeleg veg for fagarbeidarar», at fagskulane må bli tydeligare i sin profil.

Utover kommentarane under, stiller styret seg bak «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft».

## Kommentarar til kapittel 4

I stortingsmelding 9 om fagskuleutdanning vert det føreslått ei endring i finansieringa av fagskuletilboda innanfor helse- og sosialfag. I dag er finansieringa til helsefaga i ei eiga ordning under Helsedirektoratet, men slik meldinga føreslår, vil dei ulike tilskotsordningane verte slått saman, og fylkeskommunane får i oppgåve å fordele midlar i eige fylke.

I møte 5. mai 2017 gjorde Hordaland fagskulestyre følgjande vedtak:

Styret for Fagskolane i Hordaland ber administrasjonen om å førebu ei sak til fylkestinget basert på alternativ 1:

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

På bakgrunn av dette bør avsnitt fem på s. 14 endrast.

Hordaland fagskulestyre er einig med innhaldet i dei to siste avsnitta under overskrifta «Vidareutvikle kompetanse til dei utan utdanning og dei med utdanning som ikkje lenger er etterspurd» (s. 15 og 16). Fagskuleutdanning og anna høgre utdanning kan vere ein viktig vidare utdanningsveg i høve til å dreie eigen grunnkompetanse, og slik det er i dag er det stengsler for dei som opplever nedbemanning eller permisjonar og som går på fagskule i kombinasjon med arbeid. Ved Fagskolen i Hordaland har mange studentar måtte slutte i utdanning fordi dei ikkje får støtte frå NAV til å fullføre ei påbegynt fagskule som er mogleg å kombinera med arbeid.

## Kommentarar til kapittel 5

I handsaminga av stortingsmelding 9 om fagskuleutdanning vart det vedteke at fagskuleutdanning skulle definerast som høgare yrkesfaglig utdanning og på bakgrunn av dette vert det føreslått å endre delmål to i kapittel 5.2 som følgjer:

- At fagskulane framstår som eit tydeleg skuleslag på høgare yrkesfagleg nivå med klårt skilje frå vidaregåande utdanning.

Før handsaming av stortingsmeldinga vart fagskuleutdanning definert som å vere på tertiært nivå, men dette er eit noko uklårt omgrep i det norske utdanningssystemet, og det vart mellom anna derfor endra til høgare yrkesfagleg utdanning.

Under punkt 5.2, siste del om «Auka finansiering og fleksibilitet», siste avsnitt, står det at forslag til finansieringsmodell i stortingsmeldinga om fagskuleutdanning vil gi ein meir fleksibel modell for drift og utvikling, dersom den vert vedtatt. Modellen er vedtatt etter handsaming i stortinget 2. mai, og dette avsnittet bør derfor verte endra i tråd med det.

Hordaland fagskulestyre saknar eit delkapittel som omhandlar tettare kontakt mellom fagskulane og bedriftene lokalt. Denne kontakta står omtalt i kapittel 4, s. 14, avsnitt tre. Vi etterlyser vidare satsing på dette i kapittel 5.

Hordaland fagskulestyre seier seg nøgd med tiltak 5.5, 5.6 og 5.10 i handlingsplanen. Det er særskild viktig at fylkeskommunen har innsikt i kompetansebehovet i regionen i høve dimensjonering av fagskuletilbodet. Dette følgjer også av Fagskulelova.





## SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
39/17	Formannskapet	07.06.2017

### Høring - Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

#### Samandrag av saka:

**Hordaland fylkeskommune har sendt «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» på høring med høyringsfrist 22. juni.**

**Under vurdering i saka er det gjeve merknader til enkelte av punkta i høyringsnotatet.**

#### Innstilling:

Formannskapet sluttar seg til rådmannen si vurdering i saka og ber om at denne vert lagt til grunn som Fjell kommune sin høyringsuttale.

Straume, den 26.05.2017

Steinar Nesse  
Rådmann

Lillian Torsvik  
Servicetorgsjef

#### Handsama i Formannskapet - 07.06.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### Vedtak i Formannskapet - 07.06.2017:

Formannskapet sluttar seg til rådmannen si vurdering i saka og ber om at denne vert lagt til grunn som Fjell kommune sin høyringsuttale.

## **Dokument vedlagt saka:**

Høyringsdokument – Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

## **Saksopplysningar:**

### Bakgrunn:

Store endringsdrivarar vil setje nye krav til kompetanse. Fylkeskommunen sin regionale plan skal ruste hordalandssamfunnet til å møte desse endringane.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal være eit verktøy for å setje retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Hordaland står ovanfor store endringar i samfunns- og arbeidsliv på lik line med andre regionar både i Noreg og elles i verda.

Dei store endringsdrivarane som globalisering, eldrebølgja, det grøne skifte og automatisering og robotisering vil setje nye krav til kompetanse. Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal ruste hordalandssamfunnet til å møte desse endringane. Nasjonale myndigheiter ønskjer å styrke regionalt folkevald nivå sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Det betyr at Hordaland fylkeskommune må ta ei koordinerande rolle i dette arbeidet framover.

Planarbeidet har vore organisert med ei styringsgruppe som har vore politisk leia, arbeidsgruppe og temagrupper. Arbeidet starta formelt i fylkesutvalet i oktober 2015. Arbeidet har vore leia administrativt av Regionalavdelinga i samarbeid med Opplæringsavdelinga.

### **Vurdering:**

Rådmannen har innhenta innspel til høyringsutkastet frå Gode Sirklar AS, som er kommunen sitt kompetansebaserte næringsutviklingssselskap med særleg fokus på utdanning og forskning i relasjon til næringslivet.

Vi vil understreka at utkastet til Regional Plan for kompetanse og arbeidskraft er ein svært god reiskap for å dekkja behov for utdanna arbeidskraft på ulike nivå i næringane i Hordaland. Dette, dersom planen vert enno meir konkretisert og etter kvart vert sett ut i livet gjennom handling.

Innspela nedanfor er såleis framlegg til forbetringar med dei erfaringar selskapet Gode Sirklar har gjort etter vel 12 års verksemd.

### **Om mål (kapitel 2)**

#### Overordna Mål

Eit overordna mål skulle gjerne ha ein ambisjon som inneheld målsetjing om å dekkja kompetansebehov som styrkjer næringslivet si konkurransevne og bærekraft.

Det er ofte slik at etterspurnaden etter kompetanse og arbeidskraft på regionalt nivå er på etterskot i høve det som trengs for å oppretthalda og gjerne styrja posisjonen til eit næringsliv som er i ein global konkurransesituasjon.

Men, med eit slikt tillegg, er å ha betre balanse mellom tilbod og etterspurnad eit godt mål.

### Om Hovudmål

I hovudmåla, slik vi les dei, kan det vera implisitt at ein har ambisjonar om å tilføra kompetanse "...for å møte framtidige omstillingsbehov". Men vi har erfart i dei seinare år at ein treng å vera proaktiv i ei utvikling med store og raske endringar for å sikra kompetanse til eit konkurransedyktig næringsliv. Det kan difor vera at ein må uttrykkja dette eksplisitt og.

### **Om samarbeid i eit samfunn i kontinuerleg endring (kapitel 3)**

Vi vil trekkja fram 3 moment her:

1. Samarbeidsmodellen, må i tillegg til dei aktørane som er nemnde i utkastet, innehalda det kommunale nivået. Vår erfaring etter mange år med å utvikla samarbeid mellom grunnskulenivå og næringsliv i det som vi har kalla praksisnær utdanning, er at samarbeid for å bidra til motivasjon, interesse og gode val i vidare utdanning startar i grunnskulen!
2. Det må sikrast at det er god dialog og godt samarbeid mellom grunnskulenivå og vidaregåande skule. Dette er viktig av fleire grunnar, ikkje minst for å redusera fråfall i utdanninga vidare.
3. Behovet for kompetanse innan offentleg sektor i samband med dei omstillingsbehov offentleg sektor har framover, skulle koma meir eksplisitt fram i planen. Det er mykje å vinna på eit tettare samarbeid for å dekkja kompetansebehov og behov for arbeidskraft på tvers av privat arbeidsliv og offentleg sektor.

Kommunane i Fjell, Sund og Øygarden har ei særleg satsing på å få til ei kunnskapsklynge der utdanningsinstitusjonane i ulike nivå samarbeider for å utvikla eit nyskapande utdanningsløp både i yrkesfagleg retning og i allmenfagleg retning. Dette er knytt til planlegging av ein ny Sotra Vidaregåande Skule. Vi ser at planen inneheld mange element som gjev støtte til ei slik utvikling i vår region.

### **Om nye krav til kompetanse (kapitel 4)**

Det etablerte klyngesamarbeidet i Hordaland er alle tiltak for å styrkja dei som er medlemmer i desse klyngene, og her er det potensiale for å vera proaktive med omsyn til kva kompetansebehovet vil bli i framtida.

Vi vil understreka det som er nemnt i planen: *"Dei små og mellomstore bedriftene som ikkje inngår i denne typen nettverk, har ikkje på same måte høve til å samarbeide og ha dialog om dette temaet"*.

Vårt innspel er at det trengs ekstraordinære tiltak for å sikra desse bedriftene framtidige kompetansebehov og rett arbeidskraft. Mange av bedriftene er å finna i viktige næringer som ikkje klyngene har som sine næringsområde.

Slike tiltak gjeld både etter- og vidareutdanning og utdanning og rekruttering som følge av ordinære utdanningsløp.

Frå planen: **29500 i alderen 25-49 år utan fullført vidaregåande opplæring i 2015!:**

Vårt innspel her er å realisera eit mykje tettare samarbeid mellom grunnskule- og vidaregåande utdanning med ulike tiltak for å fleksibelt og offensivt møte denne utfordringa!

### **Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft (Kapitel 5)**

Vårt innspel her er å utvikle meir effektive og smarte måtar å fange opp behov på for å treffa betre behov for arbeidskraft, til og med på lokalt nivå. Dette er ein problemstilling som kan adresserast med ny teknologi betre enn i dag, og som gjerne kan vera tema for innovasjon og forskning.

### Eit heilskapleg utdanningssystem.

Vi vil og understreka behovet for at utdanningssystemet må sjåast på som ein heilskap.

Dette har då som konsekvens at vi treng meir systematisk samhandling mellom grunnskulenivå og utdanningsnivå på høgare nivå, som vi har nemnt ovanfor.

I planen vert samhandling mellom vidaregåande utdanning og universitets- og høgskuleutdanning trekt fram. Tilsvarende mellom vidaregåande skule, fagskule og UoH sektoren, trekt fram. Planen manglar korleis vi konkret skal trekkja inn den delen av utdanninga som i stor grad legg grunnlaget for val i utdanningsløpet.

### **Utdanningsval og utdanning- og karriererettleiing (kapitel 6)**

Vi støtter ei styrking av utdanning- og karriererettleiing som er kompetent og som er tett på dei faktiske behov for kompetanse som det er behov for.

Dette er oppgåver som ein gjerne kan involvera næringslivet i, i større grad enn praksis er til no. Dette gjeld ikkje minst på det lokale nivå. Vi kjenner til omdømme som havbrukssektoren har, eit omdømme som ikkje lenger stemmer med utviklinga i sektoren.

Endringane som kjem med ny teknolog og nye kompetansebehov i alle bransjar og offentlig sektor, gjer at det er ei utfordring å ha ein oppdatert kompetanse for å gjennomføra ei relevant og motiverande rettleiing i framtida.



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
19.06.2017  
Dykkar dato  
11.05.2017

Vår referanse  
2015/7389 421.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Regional plan for kompetanse og arbeidskraft - uttale

Me viser til oversending av planforslag med frist til 22.06.2017 for å koma med uttale.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal vera eit verktøy for å setja retning og samordna arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland.

Planforslaget har betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane som overordna mål. Vidare er det stilt tre hovudmål i planforslaget:

1. Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillingsbehov.
2. Arbeidslivet i Hordaland skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov.
3. Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Måla er nærmare konkretisert i planforslaget og ein har delt desse opp i delmål. I tillegg er det utarbeidd ein handlingsplan med ulike tiltak som skal sikra at ein når dei måla ein har sett seg i planen. Slik Fylkesmannen ser det er planforslaget ryddig og oversiktleg, og tar opp i seg relevante problemstillingar på ein god måte.

Me ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Egil Hauge  
fagdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN  
[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

MRK 2014/17126

Vi viser til høyringsforslag til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Viser også til epost frå Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga dat. 11.05.2017 med info om høyringsfrist 22. juni 2017.

Hardangerrådet vil gje slik uttale til planen:

Planutkastet er eit godt dokument, og me finn gode analysar av sentrale problemstillingar knytt til omstilling og dimensjonering av utdanning for å dekkja eit usikkert, framtidig kompetansebehov.

Imidlertid er det den generelle uvissa rundt morgondagens behov og strukturelle utfordringar som kanskje kjem tydeligast fram i planen. Me forstår at det er vanskeleg å sei noko konkret, og at det nok er handlingsdelen som skal stå for dei fleste konkretiseringane, men det bør kanskje være mogleg å gå litt lenger inn i detaljane i sjølve planen.

Nokre døme:

- Reiseliv, turisme og er ikkje nemnt i planen. Dette er felt som er i stor vekst i vår region, og som gjev eit kompetansebehov for å kunne «veksla inn» det høge talet på besøkjande i innbringande næringsverksemd. Ein plan for den type kompetanse er avgjerande for å utvikla arbeidsplassar for framtidig utvikling og vekst av arbeidsplassar innanfor dette feltet i heile fylket.

- Landbruk er ikkje nemnt i planen. Landbruket er svært viktig for Hardangerregionen og rett kompetanse vil vera avgjerande for utvikling og vekst i denne næringa. Desentraliserte utdanningstilbod innanfor landbruksfaget vil i mange høve vera einaste moglegheit for å kombinera utdanning med gardsdrift for unge som ønskjer å ta over landbrukseigedomar i Hardanger og utvikla desse vidare for framtida.

- Etablerarretteiing er heller ikkje nemnt. Planen går kanskje i litt for stor grad ut frå at ein innbyggjar skal verta arbeidstakar i ei allereie eksisterande verksemd. Kva med dei som vil starta eiga verksemd, og skapa nye arbeidsplassar? I omstillingstider er det kjent at det er fleire som velgjer å starta for seg sjølv. Dette er også viktig arbeidskraft som treng retteiing og kompetanse. Både stat og fylket viser til behovet for dette gjennom mange program, men det viser lite igjen i gjeldande kompetanseplanar.

Me har organisasjonar som ungt entreprenørskap i skule og pedagogisk entreprenørskap for lærarar, men lite som viser i plan for kompetanse om korleis me skal skapa flere gründerar som er viktige premissgjevarar for framtidige arbeidsplassar.

Me vil også nytta høvet til å sterkt oppmoda om å styrka tilbodet ved Odda vidaregåande skule og Norheimsund vidaregåande skule. Det vil også vera viktig å styrkja lokal fagutdanning med bakgrunn i den kompetanse som i dag finst ved Hjeltnes i Ulvik. Korleis kan dei vidaregåande skulane verta meir robuste for svingningar i konjunktur og elevtall? Her er planen taus. Det er også vesentleg at ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft faktisk bidrar til å ta vare på moglegheiter ute i distrikta. Det er også viktig med tanke på involvering av næringslivet, dei involverar seg lettare i problemstillingar, praksisplassar og med generell involvering omkring kva kompetanse ein treng når skulane ligg i regionen. Rett kompetanse til rett region er svært viktig !

Eit anna viktig tema når det gjeld vidaregåande og høgare utdanning, er at elevar «vel i flokk». Korleis kan ein motivera elevar til å velja utdanning som kanskje ikkje er mest populær i dag, men som vil verta stadig viktigare i framtida? Dette er spørsmål me meiner at ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft bør bidra til å retta fokus mot.

Me ønskjer avslutningsvis å løfta fram moglegheitene for fastlandsindustrien. Ei auka bevisstgjerung og tilpassa marknadsføring her vil kunna bøta noko på svingningar i etterspurnad etter m.a. TIP. For vår region er industrien viktige arbeidsplasser for å oppretthalda og utvikla komplementære arbeidsplasser, for busetnad, for kjøp og sal av tenester. Arbeidsplassar knytta til dette er avgjerande for innpendling, for utvikling av ny kompetanse og framtidige arbeidsplassar i vår region, og dermed ein føresetnad for rekruttering.

Kinsarvik 22.06.2017

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.  
Hardangerrådet iks signerar digitalt

## Høringsuttalelse – Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Vi viser til høringsforslag til Plan for kompetanse og arbeidskraft, og vil med dette uttale oss om det oversendte utkastet.

Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger har vært representert i den administrative gruppa og i faggruppa som har sett nærmere på tema «dimensjonering». Vi takker for at vi fikk delta her.

Plandokumentet, slik det foreligger, tar opp vesentlige utfordringer i den tiden vi lever i. Et av de viktigste – og vanskeligste – punktene som er drøftet, er det faktum at en ikke kan slå fast med sikkerhet at det er rasjonelt å dimensjonere etter konjunktuelle forhold (viser til plandokumentet, side 18.). En kjenner ikke til varigheten av en bransjemessig svingning, og en risikerer dermed et evig, dog vekslende, etterslep av overskudd eller underskudd av ulike typer kompetanse.


I denne situasjonen blir det ekstra viktig med fleksible løsninger som innbyggerne i Hordaland kan benytte seg av på en enkel og praktisk måte, som videooverført, desentralisert undervisning (plandokumentet, side 18). **Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger støtter prinsippet med livslang læring og karriereveiledning.** Morgendagens arbeidstakere trenger både en økt omstillingsevne og en trygghet for at det går an å endre karrierevei. Her vil et godt samspill mellom karriereveiledere, offentlige og private faginstanser bidra til at flest mulig kan være i arbeid til enhver tid.

Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger mener planen må legge større vekt på videreutvikling av desentraliserte utdanningstilbud som f.eks. desentralisert sykepleie og vernepleierutdanning. Dette er allerede godt utprøvd gjennom at høgskolen på Vestlandet har utviklet et utdanningstilbud i nært samarbeid med kommunene, basert på et vedvarende og framtidige økende arbeidskraftbehov innen kommunehelsetjenesten. En videreutvikling av slike desentraliserte tilbud må innbefatte en styrking av undervisningen gjennom moderne undervisningsformer f.eks. organisert som nettverk som kobler ressurser, koordinerer behov og skaper tilbud som kan nå mange mennesker uavhengig av bosted. Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger vil kunne organisere slike tilbud på flere steder i Hardangerregionen.

Avslutningsvis vil vi gjerne påpeke at vi ser et økende behov for kortere og lengre kurs som ikke nødvendigvis er studiepoenggivende, spesielt innen reiselivsbransjen, hvor vi har foretatt en kartlegging. For bygging av livskraftige bedrifter er det ikke nødvendigvis «omskolering» eller en tradisjonell, flerårig utdanning som skal til, men gjerne en økt trygghet gjennom å bygge videre på det den enkelte har av erfaring.



Med vennlig hilsen

A handwritten signature in blue ink, reading "Nils P. Freim". The signature is written in a cursive style with a prominent initial "N" and a stylized "P".

Nils Petter Freim

Styreleder



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Rådmannen

Hordaland Fylkeskommune

2014/17126

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Gunn Tove Petterteig		2017/100-49	2014/17126	31.05.2017

## Høyringsinnspel for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Kvinnherad kommune ynskjer å fremja desse synspunkta i høyringa på regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

**Kvinnherad kommune** er ei stor og langstrakt kommune. Vi har mange bygder og desentralisert tenesteproduksjon.

Kvinnherad er svært utsatt for forgubbing. Den samla sysselsettinga utgjer no under halvparten av befolkninga.

Dei neste femten åra er det venta at delen barn under 15 år vil falla markert og delen eldre over 75 år vil auka mykje. Nedgang i barnetal kan gå ut over barnehagar og nærskular i grisgrendte strom. Innvandrarar/ flyktningar har halde folketalet oppe dei siste åra. «Eldrebløgja» vil få store konsekvensar for det samla pleie- og omsorgsbehovet. Desse forholda må vi ta omsyn til når vi skal «sjå inn i glasskula å spå» om kva vi vil trenga av kompetanse framover.

Den offentleg tenesteytinga aukar og talet på sysselsette i privat næringsliv går ned. Ei framtidig folkeauke er truleg ikkje realistisk utan sterk lokal næringsutvikling og forbetring av kommunikasjonane. -Tilgang på lærlingplassar er viktig i for næringsutvikling og framtidretta utdanningsløp. Skuleåret 2016 – 2017 viser for Kvinnherad sin del ei fordeling med 35% av elevane på Vg1 studieførebuande og 65% innan yrkesfaga. Tala har vore stabile over tid.

### Regionsenteret Husnes

Husnes er nettopp blitt regionsenter. Sunde, Valen, Herøysund og Husnes har flest innbyggjarar. Senterfunksjonen vil bli viktig framover fordi ein aukande del av befolkninga vil bu sentralt i tettstadar. Eldre flyttar nærare sentrum for å kunna bu heime lengst mogeleg og unge vil leva eit meir urbant liv i sentrum. *Sentrumsfunksjonen*

kan vera med å stabilisera innbyggjartalet og vera rekrutterande i høve tilflytting til kommunen.

### **Kommunen sitt behov i dag**

Per i dag har kommunen bruk for høgskulekompetanse innan språkpedagogikk, sjukepleie, vernepleie og barnevernspedagogikk. Det har vore vanskeleg å rekruttera psykologkompetanse. Denne kompetansen vil og vera behov for i framtida. Den komande «eldrebølgja» vil krevje stor kommunal innsats både i form av omsorgsteknologiske løysingar og rekruttering av helsepersonell.

### **Framtidsretta utdanningar, omstillingsevne, digitalisering og effektivisering.**

Kvinnherad kommune vil koma til å trenga folk som har ei fagutdanning og jobbar i t.d. helse og omsorgssektoren. Desse folka må og ha kompetanse på endringsarbeid. Føremålet med dette er at «dei som veit kor skoen trykker» veit kor ein skal/ kan setje inn effektive/ innovative tiltak. Det er desse arbeidstakarane som må vera drivarane for effektivitet og innovasjon t.d. i ein sjukeheim. Arbeidstakarane er t.d. sjukepleiarar som treng kompetanse på å gjera oppgåvene smartare. Omsorgsteknologi er per i dag ei tilleggsutdanning/ etterutdanning. Dette blir om kort tid heilt normale hjelpemidlar som kommunar og andre treng. Omstillingskompetanse, effektivitet og det å kunna ta ut gevinstrealisering av nye tekniske hjelpemidlar vil vera naudsynt kompetanse i grunnopplæringane. Utdanningsinstitusjonane bør ta inn omstillingsarbeid og effektivitet som ein del av læreplanen..


**Flyktningar** blir gode samfunnsborgarar når dei finn arbeid og kan forsørgje seg sjølve. Dette aukar fridommen til å kunna delta i andre aktivitetar i samfunnet. Det blir mindre forskjellar i haldningar og kultur og kan bidra til betre inkludering i lokalmiljø og arbeidsliv. Det er stor skilnad i utdanningsnivået blant dei som kjem til landet som flyktning. Målet er å utjamna dette via introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogrammet har som mål at flyktningane skal læra seg norsk og koma seg ut i arbeid eller utdanning. For dei som kjem til Norge i godt vaksen alder, med lite eller ikkje grunnutdanning kan det å finna seg eit arbeid etter introduksjonsprogrammet vera vanskeleg her i landet. Høgt utdanningsnivå, teknologiske hjelpemidlar i nesten alle jobbar og krav til fagbrev og gode munnleg og skrifteleg norsk kan vera ein altfor høg barriere for nokre. Kan utdanningsinstitusjonane leggje meir til rette for denne gruppa? Kan ein t.d. ha eit trinnvis utdanningssystem som gjer at ein kan byggje på og utvide kompetansenivået?

Det er viktig at desse som kjem til Norge kan greie seg utan sosial- og trygdeytningar for å kunna bli autonome aktive samfunnsborgarar som er ressursar for samfunnet.

Norad meiner det er over 750 millionar vaksne analfabetar i verden. Dei fleste kjem frå Afrika sør for Sahara og vest India. (sjå figuren på neste side) Kvinnherad har som resten av landet mange flyktningar frå desse landa.

Konklusjon: Utdanningsinstitusjonane må leggja til rette for enkle utdanningsløp for innvandrarar med låg eller manglande grunnkompetanse. Det bør greiast ut kva utdanningar det er arbeidsledighet i, slik at desse har ein sjanse i konkurranse med norske. For å sikra at desse innvandrarane får eit slikt tilbod, bør finansieringa for desse utdanningsløpa koma frå statsbudsjettet.

Figur 1. Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, etter landbakgrunn. Landgrupppering fra 1. januar 2017



### Utdanningsnivå og høve til kompetanseheving i kommunen

Yngre elevar under 24 år bør gå skulegangen på vanleg vidaregåande skule. For eldre innflyttarar som gjerne har familieansvar, kan det å gå på ein vanleg vidaregåande skule by på problem. (jamfør avsnittet over: manglande grunnkompetanse/ analfabetisme) Kvinner er meir utsett for analfabetisme enn menn.

Flyktningar/ innvandrarar bør få eit «skreddarsydd» utdanningsløp for ei relevant fagutdanning. Det er ikkje dei som er arbeidsinnvandrarar som vi viser til her. Det som kan vera problematisk her er at samfunnet lagar eit klasseskilje, men det blir det likevel når folk ikkje greier å forsørgje seg sjølve. Det er viktigare at individet kjenner seg nyttig og bidreg til fellesskapet gjennom arbeid og sjølvstendighet.

Tilrettelagt fjernundervisning kan vera ei løysing for familiefolk.

### Rådgjeving og karriereplanlegging

Utkast til handlingsplan for regional plan for kompetanse og arbeidskraft, inneheld mange gode konkrete tiltak under kapittel 4, 5 og 6 som vil kunne verka positivt inn med tanke på framtidsbehova til næringane i kommunen. Det kunne likevel vore ønskjeleg med noko tydligare tiltak knytt til ein heilskapleg modell for ei gjennomgåande rådgjevings- og karriererettleiingsteneste som inkludera både ungdomskular og vidaregåande skule i kommunen. Ei heilskapleg rådgjevingsteneste på tvers av forvaltningsnivå ville kunne bidra positivt til auka gjennomføring og eit tydelegare og meir bevist karriereval blant ungdommane i alderen 13 til 19 år i kommunen. Ei gjennomgåande rådgjevingsteneste vil òg i større grad kunne medverke til ei tettare oppfølging og karriererettleiing for ungdom med minoritetspråkleg bakgrunn, sett opp mot behova i den lokale arbeidsmarknaden. Relevant og framtidsretta kompetanse er viktig for å sikre eit stabilt innbyggjartal i kommunen.

Med helsing

Gunn Tove Petterteig  
*kommunalsjef*

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



---

## Høyringsinnspel 2014/17126.

### Høyring for regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Under kapittel 5 i Regional plan for kompetanse og arbeidskraft står det om det å ha tilstrekkelig og relevant arbeidskraft. Det står videre i kapittelet sitat: "sjølv om det er balanse mellom tilbud og etterspurnad for fylket som heilskap, kan det være ubalanse på eit lågare geografisk nivå" sitat slutt. Det står også, sitat: "Lokalisering av utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil difor ha betydning for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekkja" sitat slutt. Siste sitat vi vil nevne er: "Ein digital infrastruktur med fjernundervisning kan bidra til å møte utfordringane" sitat slutt. I forbindelse med skulebruksplanen 2012-2015 var også dette oppe som tema uten at det førte til forbedringer.

Opplæringskontoret for Hardanger hadde i 2016, 150 lærlinger i 6 programområder, fordelt på 26 forskjellige fag (godkjent for 36 fag). Den lokale VGS kan ikke tilby teoriopplæring i alle fagene, derfor må vi sende lærlingene til andre steder der de kan tilby teoriopplæring i teoridelen av programfaget.

Vi ser at andelen av lærlinger som trenger teori for å ta et fagbrev er økende. Mange har valgt almen linja eller idrettsfag og noen skifter fag underveis i skolegangen. De oppdager at de må ha minst tre til fem år på skole/studier for å kvalifisere seg for en jobb i framtiden. Mange av disse elevene starter derfor på nytt med en fagutdannelse. De har da som regel bestått almen fagene, men de mangler programfaget. De er da avhengig av å få teoriopplæring i løpet av læretiden sin.

Dette har vist seg å være en utfordring i mange fag. Vi har erfaring med at vi må sende lærlinger helt til Sogndal, 191 km og Kongsberg for å få teoriopplæring, (energioperatørfaget og glassarbeiderfaget).

Vi har hatt IKT lærlingen som vi måtte sende til Bergen 1 dag pr. uke. Rørleggerlærlingene reiste til Bergen 1 dag pr. uke hele skoleåret i fjor for å få den nødvendige teorien. Per dags dato så har vi registrert 132 lærlinger. Av disse så mangler 66 lærlinger teori i fellesfag og/eller yrkesfag. Disse må få tilrettelagt teori i løpet av læretiden. Dette er eksempler på hvordan det fungerer i dag.

I Odda, har vi høgskolestiftelsen der opp mot 80 studenter tar høgskoleutdanning i mange fag, bl.a. økonomi, administrasjon, regnskap, IKT, lærerstudiet og barnevernspedagogikk. Dette gjøres via tilrettelagte studier med fjernundervisning. Studentene kommer fra hele landet der de logger seg på forelesninger som drives fra høgskolene og universitetene. Fra skoleåret 2015 var det mulig å ta bachelor grad innen IKT faget lokalt.


Vi har forsøkt å få til dette når det gjelder teoridelen av programfagene i videregående opplæring (for lærlinger), men det er vanskelig.

Vi tror at det må være mulig å gjennomføre teoridelen av programfagene via fjernundervisning. Hvis det er problemer med å koble teori og praksis i sammen kan dette løses ved å ha f. eks. en samling pr. halvår der dette er tema.

Som et opplæringskontor i distrikts Norge er dette en utfordring. Hvis det er mulig å lage undervisningsopplegg som fungerer med fjernundervisning, vil dette være et stort fremskritt for yrkesopplæringen spesielt i distriktene.

Odda 06.06.2017

Opplæringskontoret for Hardanger



Terje Rognsvåg  
Daglig leder



Jnr. 1080.17  
GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Regionalavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## UTTALE REGIONAL PLAN FOR KOMPETANSE OG ARBEIDSKRAFT – 2014/17126

Samarbeidsrådet for Sunnhordland handsama i møte 15 juni uttale til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at Regional plan for kompetanse og arbeidskraft er ein gjennomgåande god plan som set fokus på dei utfordringane arbeidslivet står ovanfor i framtida.

*«Målet er å kunne møte utfordringane knytt til omstilling, tilgang til nok kvalifisert arbeidskraft, god kompetanse og målretta læring i arbeidslivet. Strategien skal bidra til å realisera regjeringa sine mål om eit meir kompetansebasert arbeids- og næringsliv.»*

Samarbeidsrådet er samde i dei mål og strategiar som er fremja i planen, men har følgjande innspel/ merknader:

### **Vidaregåande skular**

*«Nasjonale myndigheita ønskjer å styrkja regionalt folkevalt nivå sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Det betyr at Hordaland fylkeskommune må ta ei koordinerande rolle i dette arbeidet.»*

For Sunnhordland er det avgjerande at regionen har eit utdanningstilbod som er tilpassa næringslivet sine behov. Det vert difor ikkje samsvar mellom dei gode intensjonane i planen som no er på høyring, og realitetane, når ein gjennom skulebruksplanen legg ned dei vidaregåande skulane i Rubbestadneset og i Etne.

Dei vidaregåande skulane er heilt avgjerande for å leggja grunnlaget for den kompetansen arbeidslivet treng, og fleksibiliteten her må vektleggast sterkt. Det må og gjerast tiltak der regionane vert sterkare høyrte i prioritering av linjeval.

Regional plan har fokus på auka samspel mellom dei ulike aktørane som kan arbeida saman for å skapa ein betre balanse mellom etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft. Dette vert konkretisert gjennom tiltaka i handlingsplanen.

Samarbeidsrådet vil særleg trekka fram at det er god breidde i tiltaka og at dei femner om fleire utdanningsnivå og ser at tiltak 5.10 vert svært viktig for industriregionen Sunnhordland.



”Stord modellen” er eit godt eksempel på dette.

Sunnhordland har gode erfaringar med karriererettleiing og er nøgde med at dette er omhandla i planen.

Samarbeidsrådet ynskjer lukka til med gjennomføring av tiltaka, og vil gjerne vera ein aktør i arbeidet der dette er naturleg.

Sunnhordland, 19 juni 2017

Wenche Tislevoll  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*


## Høring regionalplan kompetanse og arbeidskraft – Frist 22. juni

### 1. Til Innleiing

- Planen er viktig og tar opp mange relevante tema og utfordringar.
- Viktig å ikkje tru at alle utfordringar som er omtala i planen kan løysast gjennom ein regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Mykje av det som er uttala er helserelevante utfordringar.
- Det er gode intensjonar og gode mål som er satt for planen. Planen bør også omtale arbeidsskaparar i større grad.
- Krav til kvalitet i utdanninga må ligga fast
- Veldig positivt at det vert sett fokus på karriererettleiing/rådgjeving. Her må ein ta med også ungdomsskulen og overgang ungdomsskule - vidaregåande skule.

### 2. Til mål

- Utdanne arbeidsskaparar for framtida. Stikkord her er kreativitet og teknologi. Sjå vedlagt slide; Lær Kidsa Koding!  
Hordaland fylkeskommune bør i målsetningane sine vera enda meir proaktiv med å skapa læringsmiljø som utdannar framtidas arbeidsskaparar, oppfinnarar og entreprenørar. Her bør ein omtale grunnskule- og ungdomsskulenivå også.  
I ei global og digitalisert verd, vert det enda viktigare at verdiar vert skap i norske verksemder.
- Satse på mellom anna Ungt Entreprenørskap for å skape grunnlag for gründerskap.



Foil frå <https://kidsakoder.no/> sin presentasjon på Utdanningsmessa sitt miniseminar på Stord 25.januar 2017, i regi av Stord Næringsråd.

### 3. Til Samarbeid i eit samfunn i kontinuerleg endring

- Sterkare fokus på Samarbeid skule – arbeidsliv. Finna løysingar saman, justeringar under vegs. Informasjon og erfaringsutveksling.
  - Meir informasjon i ungdomsskule og vidaregåande skule om Fagskulen sin funksjon.
  - Viktig å samarbeida på tvers av Fylkesgrenser for å møta behov for fleksibilitet og mobilitet – tilbodsmessig og økonomisk.
- #### 4. Til nye krav til kompetanse
- Må finna ei løysing for dei som mister jobben, som er i gang med vidareutdanning eller har behov for vidareutdanning, til samstundes å oppretthalde dagpengar. Her må det offentlege vera løysingsorientert, og sjå heilskap for å ta vare på kompetanse og arbeidskraft.
  - Gjer vidareutdanning tilgjengeleg for alle som ønskjer det.

### 5. Tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft

- Kvalitet i utdanning er viktig. Godt samarbeid mellom utdanningsinstitusjon og lokalt næringsliv er ein nøkkel til god kvalitet spesielt innanfor yrkesfag i industrien. Dimensjonering av vidaregåande skular i distrikta handlar derfor ofte om tilstrekkeleg lokal arbeidskraft.
- Med ein open, eksportretta økonomi - i stor grad retta mot råvareproduksjon, må ein ta høgde for større konjunktursvingningar. Både arbeidsinnvandring og periodar med aukande arbeidsløyse, må

derfor sjåast på som ein del av fleksibiliteten for verksemdene. I periodar med lavkonjunktur må verksemdene og det offentlege saman finna løysingar for å ta i vare og vidareutvikle kompetansen.

- Det er ein stor verdi for Hordaland at halvparten av elevane vel ei yrkesopplæring på vidaregåande skule. Dette må Hordaland fylkeskommune ta godt vare på.
- Korleis skal det offentlege helsevesen rekruttera nok lærlingar/arbeidskraft med lave stillingsbrøkar for fast tilsetjing? Dette kan og bør løysast.
- Så lenge ein ikkje har ein felles bu- og arbeidsregion i Hordaland må ein basera utdanning av lokal arbeidskraft på lokale vidaregåande skular. Dette er også viktig ved etterutdanning, finna skreddersydde løysingar med for eksempel HVL.

## **6. Utdanningsval og utdanning- og karriererettleiing**

- Veldig positivt at karriererettleiing vert vektlagt i Regionalplan for kompetanse og arbeidskraft. Her er eit stort behov, og det vil verta større i framtida, då fleire vil måtta omstilla til nye yrke/arbeidsoppgåver. Spesielt ser me behov for betre rådgjeving i ungdomsskulen, og vidaregåande skule. Her er stor mangel på kunnskap om arbeidslivet.

Karriererettleiing bør ha ei eiga utdanning, spesialisering. Dette vil gje betre status, så ikkje rådgjeving vert ein salderingspost.

Stord Næringsråd 13.juni 2017

Anne-Grete Sandtorv - Dagleg leiar



STORD NÆRINGSRÅD



**SUND KOMMUNE**

Rådmannen

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Sakshands.: OSH      Vår ref.: 17/50-56      Dykkar ref.:      Dato: 22.06.2017**  
**Direktetlf.: 56327554      Arkiv: 000**

### **Regionalplan for kompetanse og arbeidskraft - høyringsinnspel**

Vi viser til dykkar brev av  
Sund kommunestyre handsama saka på møte 20. juni d.å. og gjorde samrøystes vedtak i  
samsvar med vedlagde saksutgreiing og tilråding.

Med helsing

Oddlaug S Hansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*



Hordaland Fylkeskommune

Deres ref

Vår ref

Dato

2017/5960-TOVST

16.06.2017

## Høringssvar- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Viser til brev mottatt 11.mai, der dere ber om høringsinnspill på forslag til regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Vi ønsker innledningsvis å gi uttrykk for at Universitetet i Bergen ser positivt på Hordaland fylkeskommune sin regionale plan for kompetanse og arbeidskraft – det gjelder så vel tiltaket i seg selv som utforming og innhold i planen.

Vi kan forøvrig orientere om at Råd for samarbeid med arbeidslivet ved UiB for tiden arbeider med å utarbeide en Handlingsplan for samarbeid med arbeidslivet for perioden 2017-2022. Handlingsplanen skal styrebehandles i november. Selv om arbeidet med UiBs handlingsplan ennå er for tidlig i prosess til at noe kan slås fast, ønsker vi likevel å nevne at det er flere ansatser til noen sammenfallende tema og målsettinger i de to planene.

Nedenfor har vi i hovedsak valgt å kommentere de delene av planen som vedrører Universitets- og høgskolesektoren direkte, dvs. kapittel 4 og 5.

### Kapittel 4. Nye krav til kunnskap

UiBs førsteutkast til handlingsplan for samarbeid med arbeidslivet inneholder innsatsområder og tiltak som i stor grad er i overensstemmelse med delmålene i kapittel 4 og tiltak 4.1 *Utvikle etter- og videreutdanningstilbud og nye utdanningar* og tiltak 4.3. *Kompetanse tilpassa eit samfunn i endring*. UiB vil ha som mål å videreutvikle eksisterende utdanningstilbud og etablere nye tilbud – både ordinære og etter- og videreutdanningstilbud - i samarbeid med aktørene i arbeidslivet og tilpasset arbeidslivets behov. UiB vil også arbeide for å kunne betjene de små og mellomstore bedriftene gjennom fleksible og digitale tilbud.

Likeledes støttes fullt ut handlingsplanens tiltak 4.2. Det er svært viktig at de som har falt ut av arbeidsmarkedet ikke motarbeides av eksisterende støtteordninger, men derimot gis mulighet til å videreutvikle sin kompetanse for igjen å kunne tre inn i arbeidslivet.

Tiltak 4.3 har som målsetting kompetanse tilpasset et samfunn i endring. Et av tiltakene er å legge til rette for at entreprenørskap, innovasjon og ferdigheter for framtidens arbeidsliv får større fokus i hele utdanningsløpet.

Dette er i overenstemmelse med UiBs pågående arbeid med innovasjon. Vi satte i vår ned en arbeidsgruppe som skal arbeide fram et tverrfaglig tilbud til bachelor- og masterstudenter som skal gjøre studentene bedre rustet og motivert for innovasjon og entreprenørskap. Arbeidsgruppen skal også tilrettelegge for etableringen av de tverrfaglige emnene på begge utdanningsnivåene.

For øvrig vil vi peke på at utdanningsinstitusjonene har et særlig ansvar for å bidra til innovasjon i samfunnet gjennom forskning og utdanning. Universitetet i Bergens og de andre utdanningsinstitusjonenes viktigste bidrag er høykompetent og relevant arbeidskraft for næringslivet. Som en del av dette er det også viktig at universitetene jobber for at studentene selv blir mer innovative og bedre på entreprenørskap.

I planutkastet tas det opp at kravene til ny kompetanse i arbeidslivet kan løses gjennom endring av innholdet eksisterende utdanningstilbudene og gjennom oppretting av nye utdanningstilbud på alle utdanningsnivåene. Det pekes videre på at etablering og videreutvikling av utdanningstilbudene må gjøres i tett samarbeid med arbeidslivet og i lys av de store endringsendringssprosessene i samfunnet. Dette støtter vi. Vi er også enige i at ulike samarbeidsfora med arbeidslivet og utdanningsklyngene bør brukes i utvikling og videreutvikling av utdanningstilbud.

Vi vil samtidig peke på at næringslivets behov i en del andre sammenhenger blir trukket frem som en styrende faktor for utvikling av studier. Det er etter vår oppfatning helt sentralt å identifisere sektorens «egenvekt» i denne sammenhengen. Et breddeuniversitet har ansvar utover det å være en «leverandør» av kandidater til arbeidslivet. Her ser vi det som et viktig poeng som er berørt på side 14 i utkastet: «Her har universitet og høgskular eit spesielt ansvar for å peike på kompetansebehov som vert viktige fram i tid basert på eiga forskning.»

### **Kapittel 5 Tilstrekkelig arbeidskraft**

Planens kapittel 5.3 har som målsetting at arbeidslivets behov for arbeidskraft skal tillegges vekt ved dimensjonering av utdanning på universitets- og høgskolenivå. Et av tiltakene er at det skal utdannes nok kandidater med relevant kompetanse til å møte behovene i det regionale arbeidsmarkedet.

UiB støtter denne målsettingen. Vi støtter også opp om at HFK i samarbeid med andre aktører etablerer en oversikt over hvilke fagområder arbeidslivet har problemer med å rekruttere tilstrekkelig arbeidskraft.

Fordi det bare er en del av kandidatene som blir værende i regionen etter endt utdanning, blir det presisert at fokuset i planen derfor er lagt på de utdanningene som det blir utdannet for få av i regionen. Dette er en hensiktsmessig tilnærming. Vi kan ytterligere supplere med at svingninger i arbeidsmarkedet og i antall søknader til de ulike studieprogrammene gjør at det er lite gunstig å bygge ned utdanningstilbud som det om få år kan være behov for å øke igjen.

I handlingsplanen kapittel 5.8 og 5.9 foreslås det tiltak for å beholde kompetanse i regionen, for eksempel gjennom traineeordninger (5.8). Det blir også foreslått økt samhandling mellom studenter og arbeidsliv, gjennom å utarbeide et opplegg for praksis i arbeidslivet for studenter innen alle utdanningsretninger som dekker hele fylket (5.9).

Forslagene samsvarer godt med konklusjonene i en rapport som ble utarbeidet i 2016, *Praksis i utdanningene ved UiB*. Målsettingen med rapporten er at alle studenter ved UiB skal få tilbud om relevant og kvalitetssikret praksis i sin utdanning. Noen av

utdanningsløpene har per i dag etablerte praksisordninger i studieløpet, men det er ennå en vei å gå før alle studieprogrammene har et slikt tilbud. Tiltakene i handlingsplanen derfor er av stor interesse for oss, og vi imøteser gjerne et samarbeid knyttet til disse punktene.

Handlingsplanens tiltak 5.10 tar for seg overgangsordninger mellom utdanningsnivåene, der formålet er å etablere flere gode overganger mellom yrkesfaglig utdanning, fagskole og høyskole/universitet der fagbrev er første steg mot en bachelor eller mastergrad.

UiB støtter tiltaket, og bidrar gjerne inn i et samarbeid om dette. Mulighet for opptak til universitetsstudier på grunnlag av dokumentasjon av realkompetanse (uten generell studiekompetanse) er hjemlet i universitets- og høyskoleloven.

Tiltak 5.11 tar opp samhandling mellom utdanningsnivåene, der formålet er å etablere flere samarbeidsaktiviteter mellom videregående skole og universitet og høyskole for å gjøre elevene mer forberedt på studier på dette nivået.

I UiBs utkast til handlingsplan for samarbeid med arbeidslivet, blir det tatt til orde for at UiB skal øke samarbeidet med skolesektoren. Aktuelle tiltak i denne sammenhengen kan være å samarbeide med skoleeiere for å etablere flere avtaler med universitetsskoler, partnerskoler og praksisskoler. I tillegg kan et tiltak være samarbeide om utdanningsvalg og gi utdanningsinformasjon til yngre målgrupper, som vg 1 og 2 og ungdomsskole.

Vi vil også peke på vårt pågående arbeid med å fornye samarbeidsavtaler mellom UiB og fylkeskommunen om skolesamarbeid. Avtalene gir rom for å knytte UiB og HFK som skoleeier tettere sammen i et aktivt og forpliktende samarbeid. Det er rom for å fremme forslag om nye tiltak i forbindelse med disse avtalene.

I tillegg viser vi til vårt *Skoleprosjekt* som startet opp sommeren 2015. Målsettingene med prosjektet har vært å styrke UiBs kontaktflate mot skoleverket, og å starte opp nye aktiviteter rettet mot 8.-12. trinn i skolen. En del av arbeidet har bestått i å kartlegge de eksisterende møtepunktene mellom UiB og skoleverket. I rapporten pekes det også på behovet for økt samordning av intern organisering og koordinering ved UiB for et mer systematisk samarbeid med skolesektoren. Prosjektet har også jobbet med tiltak for å få ut mer informasjon om karrieremuligheter til elevene i vårt rekrutteringsarbeid. Vi imøteser gjerne initiativ til ytterligere samhandling på dette feltet.

Universitetet i Bergen ønsker også i framtiden å være en sentral aktør i kompetanseoppbyggingen, så vel lokalt og regionalt som nasjonalt. Vi mener at vi sitter på svært verdifulle bidrag så vel i utdanning som i forskning/premissleveranse. Og vi skal fortsatt være en pålitelig og stabil leverandør av høy kompetanse innenfor et bredt fagområde. Vi imøteser videre kommunikasjon rundt dette.

Vennlig hilsen

Dag Rune Olsen  
Rektor

Kjell Bernstrøm  
universitetsdirektør



Ungdommens Fylkesting i Hordaland

Opplæring og Helse

### **Høyringsvar til handlingsplan for regional plan for kompetanse og arbeidskraft**

Utdanningstilbodet i dei vidaregåande skulane i Hordaland er eit viktig tema for ungdommens fylkesting (UFT) og deira arbeidsorgan ungdommens fylkesutval (UFU) , og noko vi vil jobbe hardt for å gjere best mogleg. Samfunnet generelt og arbeidslivet i Hordaland er under konstant forandring og det er dermed kritisk at utdanningstilboda på dei vidaregåande skulane i fylket samsvarer med dei kompetansekrava arbeidslivet set i dei kommande åra. Når det skal gjerast endringar i utdanningstilboda er det viktig at dei endringane som gjerast må gjerast med fokus på innovasjon, grønt skifte, berekraftig utvikling og at endringane også skal gjerast på eit pedagogisk grunnlag og/eller reflektere søkjartalet til dei ulike tilboda. Med store endringar i utdanningstilbod kan ein uheldig konsekvens vere at fleire tilbod blir meir sentralisert og at distriktsskular dermed ikkje vil bestå. Det er viktig at ungdommar i vidaregåande skule kan velje eit tilbod som er nært heimstaden sin.

Arbeidslivet er svært ulikt frå eit geografisk område til eit anna, dette gjeld også innanfor fylkesgrenser, og det er difor viktig at dei undervisningstilboda skulen i eit bestemt område har i stor grad reflekterer den kompetansen som er etterspurt i det området. Samstundes er det òg eit viktig aspekt at undervisningstilbodet er breitt slik at ein også får brei kompetanse i dei ulike områda.

For å best kunne tilby utdanningstilbod som samsvarer med dei nemnte fokusområda - berekraftig utvikling, innovasjon, grønt skifte, etterspurnad og lokal næringsverksemd, er det viktig med adekvat kunnskap om kva tilbod som er best egna. Statistiske analyser og grundige undersøkingar er med på gje oss denne kunnskapen.

Dei ulike yrkesfaglege studieprogramma i VGS i Hordaland møter utfordringar i samband med den nylege nedgangen i offshore-verksemda. Programområde som TIP og elektrofag blir spesielt ramma av denne omstillinga. På grunn av dette må tilboda betrast, og det er ei rekkje tiltak som kan være med å betre og styrke desse tilboda. Det er svært viktig at dei ulike yrkesskulane i Hordaland har ein tett dialog med lokale bedrifter og lærlingplassar og god innsikt i næringslivet slik at dei best mogleg kan hjelpe elevane sine mot ei god utdanning. Vidare meiner UFT at kvar yrkesfaglege skule i Hordaland skal ha ein arbeidslivskoordinator, og støttar i stor grad den nyetablerte ordninga. UFT støtter det handlingsplanen nemner om gjensidig forpliktande samarbeidsavtalar mellom den einskilde vidaregåande skule og bedriftene i nærområdet slik at det blir betre samsvar mellom tal elevplassar og tal læreplassar.

Konjunktursvingingar er ei utfordring som krev kortsiktige tiltak og det er difor viktig å utarbeide ein beredskapsplan for å best handtere slike svingingar slik at det gjev minst mogleg negativt utslag i talet læreplassar. Dei aktuelle tiltaka som handlingsplanen presenterer, blant anna Vg3 sluttopplæring i skule, påbygg og hjelp til å få 23 praksisplass, er gode tiltak som i større grad bør vidareutviklast.

UFT er einige i det som handlingsplanen seier om at det bør føreliggje eit betre samarbeid mellom dei tre utdanningsnivåa, grunnskule, vidaregåande skule og universitet/høgskule. Sjølv om desse er strukturelt, finansielt og styre messig uavhengige, byggjer dei likevel på kvarandre i stor grad. Krava til kompetanse i universitet/høgskule er satt i vidaregåande skule, mens fundamentet er lagt i grunnskulen. Det er difor viktig at dei samarbeider meir, og på fleire måtar for at elevane lettare skal kunne velje rett studieprogram, og at lærarane skal ha betre innsikt i den kunnskapen elevane/studentane har frå det førre utdanningsnivået.

#### **Ungdommens fylkesting meiner:**

- Studierettleiingstenesta og rådgjevingstenesta i fylket bør betrast gjennom mellom anna innføring av samkøyrd studierettleiingsteneste, anonym rådgjevarevaluering, og/eller ein rådgjevingsteneste der alle elevar vert kalla inn til rådgiving for vidare studieval.
- Dersom det skal gjerast endringar i utdanningstilbodet må det gjerast på eit pedagogisk grunnlag, eller det må reflektere søkjartala ved det aktuelle studieprogrammet/studiestaden.
- Dei vidaregåande skulane skal oppretthalde eit godt utdanningstilbod og fokusere på berekraftig utvikling, innovasjon, grønt skifte og etterspurnad.
- Distriktsskulane skal bestå.
- Det skal opprettast fleire lærlingplassar i Hordaland og det skal vere samsvar mellom tal elevplassar og tal læreplassar.
- Samarbeidet mellom dei tre utdanningsnivåa bør betrast.”

**Deres referanse**

2014/17126

Bergen 19. juni 2017  
2017/6551-2-SA/MIGR

**Høringssvar fra Utdanning i Bergen til «Planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft»**

Innledningsvis vil vi rose arbeidet som er lagt ned i utarbeidelse av planprogrammet. Prosessen som har ført fram til planen har vært inkluderende, omfattende og godt organisert.

Utdanning i Bergen er et samarbeid mellom utdanningsinstitusjoner, offentlig sektor og næringsliv i regionen. Våre medlemsinstitusjoner er egne høringsparter og vi anser det dermed som mest nærliggende å omtale aspektene av planen som omhandler samarbeid mellom aktørene.

Dialog, samarbeid og samhandling på tvers av sektorene, vil være vesentlige forutsetninger for å nå målene i planprogrammet. Vi oppfatter at vår region har gode forutsetninger for å lykkes med dette, da den både har lange tradisjoner og vilje for samarbeid. Det er svært mye som allerede blir gjort i regi av ulike formelle og uformelle konstellasjoner. Videre anser vi det som viktig å trekke fram rollen enkeltindividene spiller som initiativtakere, nettverksbyggere og pådrivere for samarbeid på tvers.

I vårt høringssvar til «*forslag* til planprogrammet», spilte vi inn at vi ser det kan være behov for et mer systematisk samarbeid som kan bidra til å konsolidere og dermed styrke innsatsen som allerede gjøres på tvers av sektorene innenfor plantemaene i programmet. Vi støtter forslaget i planen om at ansvar og oppfølging av plantemaene i programmet bør fordeles tydeligere. Vi er også av den oppfatningen at det er behov for bedre informasjonsflyt om aktivitetene og initiativene som foregår.

Kjerneoppgaven til Utdanning i Bergen er rekruttering av studenter og vi har i flere år jobbet med noen av punktene knyttet til plantema «Utdanningsvalg og rekruttering». Spesielt det å bistå elever i videregående skole om å velge utdanning samt kompetansehevende tiltak for rådgivere har vært hovedsatsninger for samarbeidet.

Strategien vi nylig har vedtatt innebærer at våre medlemmer i langt større grad enn i de tre foregående strategiperioder, skal samarbeide langsiktig og helhetlig om rekruttering.

Faktorene som påvirker valg av studie er sammensatt og modnes over tid som en del av identitetsdannelsesprosessen. Kvalitet i rekruttering oppstår når elevene har blitt inspirert til å ta bevisste, veloverveide og selvstendige valg. Synliggjøring av arbeidsmulighetene og hvordan ulike studier kan anvendes i arbeidslivet spiller en sentral rolle for mange i valg av studier. Vi støtter derfor oppfordringen i planen om mer samarbeid om faget utdanningsvalg og tiltak for å gjøre faget mer likt mellom skolene.

### **Regional plan for kompetanse og arbeidskraft: Handlingsplan**

Det er svært positivt at målene i planprogrammet operasjonaliseres i en handlingsplan og at også den er gjenstand for høring. Tiltakene som grenser nærmest opp mot aktivitetene til Utdanning i Bergen er tiltak 5.9, «Økt samhandling mellom studenter og arbeidsliv» og tiltak 5.11 «Samhandling mellom utdanningsnivå». Vi ser det vil være fordelaktig med en nærmere dialog rundt samarbeid og ansvarsfordeling særlig innenfor disse punktene og kapittel 5 som sådan.

Vi ser fram til det videre arbeidet. Som en av eierne i Utdanning i Bergen-samarbeidet, kan Hordaland fylkeskommune bidra til å definere hvilken rolle Utdanning i Bergen bør spille for å sikre at målene i planen blir nådd

Med vennlig hilsen

Oddrun Samdal  
Styreleder Utdanning i Bergen

Michelle Ingrid Greene  
Leder Utdanning i Bergen

Vår ref.: 17/00981-2

Deres ref.:

Dato: 22. jun. 2017

## Høring- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

VID vitenskapelige høgskole takker for invitasjon til å være høringsinstans på forslag til regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

VID vitenskapelige høgskole ser positivt på dette planutkastet, der regionalt samarbeid skal styrkes for å sikre framtidig kompetanse og arbeidskraft. Planen understreker gjennomgående betydningen av forpliktende samarbeid og samhandling mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsaktørene som dekker de viktigste sektorene i arbeidslivet. Fokuset er på riktig kompetanse, riktig dimensjonering, endringskompetanse og omstillingsevne, og karriereveiledning. Målsettingen om at et bredere kunnskapssyn skal legges til grunn, der praksisbasert kunnskap vil vektlegges i større grad, ser vi som meget positivt.

VID er en verdibasert vitenskapelig høgskole med høye faglige ambisjoner for utdanning og forskning, og med en samfunnsmessig og kirkelig relevans. Høgskolens fagprofil innbefatter helsefag, sosialfag, teologi, diakoni og ledelsesfag på Bachelor-, Master- og Phd-nivå.

VID har omlag 3500 studenter fordelt på studiestedene i Bergen, Oslo, Sandnes og Stavanger. Ved VID Bergen (tidligere Høgskolen Betanien og Haraldsplass diakonale høgskole) er det 750 studenter fordelt på Bachelor i sykepleie, Bachelor i vernepleie og flere videreutdanninger innen sykepleie. VID Bergen har også en videreutdanning i veiledning.

VID  
vitenskapelige høgskole

Pb 184 Vinderen  
NO-0319 Oslo

+47 990 90 005  
post@vid.no

Faktura:  
fakturamottak@vid.no

Foretaksregisteret:  
NO 916 636 620

vid.no

Ulike perspektiv på karriereveiledning og endringskompetanse inngår i denne videreutdanningen.

VID Bergen utdanner mellom 130-150 nye sykepleiere hvert år. I tillegg uteksamineres 100 studenter fra videreutdanningene. Majoriteten av disse kandidatene bor og jobber i Hordaland.

Med tanke på samfunnsendring og geografiske forskjeller, kan VID også tilby relevante studier som er nettbaserte og samlingsbaserte.

VID vitenskapelige høgskole ønsker invitasjon til et tettere, langsiktig og systematisk samarbeid med fylkeskommunen velkommen. Høgskolen vil gjerne bidra i samarbeidet om å utvikle den riktige og beste kompetanse i regionen.

I handlingsplanen er ansvar synliggjort, og særlig i kapittel 4 er utdanningssektorens ansvar framtreddende. VID vitenskapelige høgskole vil med dette henstille om at høgskolen inkluderes i dette samarbeidet.

Med vennlig hilsen

Kristin Fjelde Tjelle  
konstituert dekan  
Fakultet for helsefag - Sandnes

Kopi til:  
Kathrin Jakobsen  
Avdeling for fagstøtte v/Anneline Røsland  
Seksjon for kommunikasjon og ekstern samhandling v/Anne Brit Hatleskog



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## Vedtaksbrev

Dykkar ref.  
2014/17126

Vår ref.  
17/1052-5/FE - 121, FA - X61/51

Stad/Dato:  
16.06.2017

### Høyringsvar - regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Den ovannemnde saka er behandla med følgjande vedtak:

#### **Kommunestyret (KS) 14.06.2017 - saksnr. 040/17:**

Kommunestyret sluttar seg til rådmannen si vurdering i saka og ber om at denne vert lagt til grunn som Øygarden kommune si høyringsuttale.

Les heile saka under.

Med helsing

Beate Hetlevik  
konsulent rådmannstaben



## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	14.06.2017	040/17

Arkiv: FE - 121, FA - X61  
Sakshandsamar: Siri Fahlvik Pettersen

Arkivsaknr: 17/1052 - 4

### Høyring – regional plan for kompetanse og arbeidskraft

#### Kort om saka:

Hordaland fylkeskommune har sendt «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft» på høyring med høyringsfrist 22. juni. Det ligg føre innspel til enkelte av punkta i høyringsnotatet.

#### Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.05.2017	Høyring på planforslag til regional plan for kompetanse og arbeidskraft	40704
23.05.2017	Høyringsutkast	40706
23.05.2017	Handlingsplan	40707

#### Aktuelle lover, føresegner, avtalar, planar:

Kommuneplan, budsjett og økonomiplan

#### Saksopplysningar:

Hordaland Fylkeskommune har lagt på høyring regional plan for kompetanse og arbeidskraft. Den regionale planen skal vera eit verktøy for å setja retning og samordne arbeidet med kompetanseutvikling i Hordaland. Hordaland står ovanfor store endringar i samfunns- og arbeidsliv på lik line med andre regionar både i Noreg og elles i verda. Dei store endringsdrivarane som globalisering, eldrebølgja, det grønne skifte og automatisering og robotisering vil setje nye krav til kompetanse.

Den regionale planen for kompetanse og arbeidskraft skal bidra til å rusta Hordalandssamfunnet til å møte desse endringane. Hordaland fylkeskommune vil ta ei koordinerande rolle i dette arbeidet framover. Planarbeidet har vore organisert med ei styringsgruppe som har vore politisk leia, arbeidsgruppe og temagrupper. Arbeidet starta



formelt i fylkesutvalet i oktober 2015.

Planarbeidet i Hordaland har vore basert på brei medverknad frå regionale aktørar som har ei rolle på det kompetansepolitiske feltet. Leiar i regionrådet vest Børge Haugetun har vore medlem i styringsgruppa saman med andre leiarar frå andre regionråd i fylket.

#### *Overordna mål i planen:*

Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane

#### *Hovudmål:*

1. Arbeidslivet i Hordaland skal ha naudsynt kompetanse for å kunne møte framtidige omstillings-behov
2. Arbeidslivet i Hordaland skal ha tilgang til tilstrekkeleg og relevant arbeidskraft for å kunne oppretthalde drifta og ekspandere etter behov
3. Innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentleg og gratis karriererettleiing, med vekt på karrierelæring, i den livsfasen dei er i.

Nasjonale myndigheiter ønskjer å styrka regionalt folkevald nivå sitt kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle. Det betyr at Hordaland fylkeskommune tek ei koordinerande rolle i dette arbeidet framover.

Gode sirklar A/S er kommunane Fjell, Sund og Øygarden sitt næringsutviklingselskap innan utdanning, forskning og med relasjon til næringslivet. Det er henta inn uttale til planen frå Gode sirklar, og uttalen passar godt med eit nytt prosjekt for kommunane som gjeld «Framtidas kunnskapskluster i Sotra Kystby». Innhaldet i dette prosjektet er at det skal leggjast til rette for etablering av ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgare utdanning og fagskuleutdanning. Tiltaket er ei prioritert oppgåve i regi av kommunane og Gode sirklar A/S, og tek utgangspunkt i intensjonsavtalen for Nye Øygarden kommune. Der står det at «det skal jobbast med å få etablert ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgskuleutdanning, til erstatning for den vidaregåande skulen på Bildøy». Prosjektet skal stetta behov for å auka omstillingskapasitet og leggja til rette for nye utdanningstilbod og vekst i region vest.

#### **Vurdering:**

Utkastet til Regional Plan for kompetanse og arbeidskraft er ein svært god reiskap for å dekkja behov for utdanna arbeidskraft på ulike nivå i næringane i Hordaland dersom planen vert enno meir konkretisert og etter kvart vert sett ut i livet gjennom handling.

Innspela nedanfor er framlegg til forbetringar med dei erfaringar selskapet Gode Sirklar A/S har gjort etter vel 12 års verksemd.

#### **Om mål (kapitel 2)**

##### **Overordna Mål**

Eit overordna mål skulle gjerne ha ein ambisjon som inneheld målsetjing om å dekkja kompetansebehov som styrkar næringslivet si konkurransevne og bærekraft.

Det er ofte slik at etterspurnaden etter kompetanse og arbeidskraft på regionalt nivå er på etterskot i høve det som trengs for å oppretthalda og gjerne styrka posisjonen til eit næringsliv som er i ein global konkurransesituasjon. Men med eit slikt tillegg, er å ha betre balanse mellom tilbod og etterspurnad eit godt mål.

## **Om Hovudmål**

I hovudmåla, slik dei vert lese, kan det vera implisitt at ein har ambisjonar om å tilføra kompetanse "...for å møte framtidige omstillingsbehov". Erfaringane frå Gode sirklar dei seinare år er at ein treng vera proaktiv i ei utvikling med store og raske endringar for å sikra kompetanse til eit konkurransedyktig næringsliv. Det kan difor vera at ein må uttrykkja dette eksplisitt i tillegg.

## **Om samarbeid i eit samfunn i kontinuerleg endring (kapitel 3)**

Det vert peikt på 3 moment:

1. Samarbeidsmodellen, må i tillegg til dei aktørane som er nemnde i utkastet, innehalda det kommunale nivået. Erfaring etter mange år med å utvikla samarbeid mellom grunnskulenivå og næringsliv i praksisnær utdanning, er at samarbeid for å bidra til motivasjon, interesse og gode val i vidare utdanning startar i grunnskulen
2. Det må sikrast at det er god dialog og godt samarbeid mellom grunnskulenivå og vidaregåande skule. Dette er viktig av fleire grunnar, ikkje minst for å redusera fråfall i utdanninga vidare.
3. Behovet for kompetanse innan offentleg sektor i samband med dei omstillingsbehov offentleg sektor har framover, skulle koma meir eksplisitt fram i planen. Det er mykje å vinna på eit tettare samarbeid for å dekkja kompetansebehov og behov for arbeidskraft på tvers av privat arbeidsliv og offentleg sektor.

Kommunane i Fjell, Sund og Øygarden har i arbeid eit prosjekt med særleg satsing på å få til ei kunnskapsklynge der utdanningsinstitusjonane i ulike nivå samarbeider for å utvikla eit nyskapande utdanningsløp både i yrkesfagleg retning og i allmenfagleg retning. Dette er knytt til planlegging av ein ny Sotra Vidaregåande Skule. Vi ser at planen inneheld mange element som gjev støtte til ei slik utvikling i region vest.

## **Om nye krav til kompetanse (kapitel 4)**

Det etablerte klyngesamarbeidet i Hordaland er alle tiltak for å styrka dei som er medlemmer i desse klyngene, og her er det potensiale for å vera proaktive med omsyn til kva kompetansebehovet vil bli i framtida. Det vert streka under - som nemnt i planen: *"Dei små og mellomstore bedriftene som ikkje inngår i denne typen nettverk, har ikkje på same måte høve til å samarbeide og ha dialog om dette temaet"*. Det er trong for ekstraordinære tiltak for å sikra desse bedriftene sine framtidige kompetansebehov og rett arbeidskraft. Mange av bedriftene er å finna i viktige næringar som ikkje klyngane har som sine næringsområde. Slike tiltak gjeld både etter- og vidareutdanning og utdanning og rekruttering som følgje av ordinære utdanningsløp.

### ***Frå planen: 29500 i alderen 25-49 år utan fullført vidaregåande opplæring i 2015!***

Eit viktig innspel er å realisera eit mykje tettare samarbeid mellom grunnskule- og vidaregåande utdanning med ulike tiltak for å fleksibelt og offensivt møte denne utfordringa.

## **Tilstreккеleg og relevant arbeidskraft (Kapitel 5)**

Det vert spelt inn at det må utviklast meir effektive og smarte måtar å fange opp behov på, for å treffa betre behovet for arbeidskraft, til og med på lokalt nivå. Dette er ein problemstilling som kan adresserast med ny teknologi betre enn i dag, og som gjerne kan vera tema for innovasjon og forskning.

## **Eit heilskapleg utdanningssystem.**

Behovet for at utdanningssystemet må sjåast på som ein heilskap. Då det har som konsekvens at me treng meir systematisk samhandling mellom grunnskulenivå og utdanningsnivå på høgare

nivå, som nemnt ovanfor.

I planen vert samhandling mellom vidaregåande utdanning og universitets- og høgskuleutdanning trekt fram. Tilsvarande mellom vidaregåande skule, fagskule og UoH sektoren. Planen manglar korleis det konkret skal trekkjast inn den delen av utdanninga som i stor grad legg grunnlaget for val i utdanningsløpet.

### **Utdanningsval og utdanning- og karriererettleiing (kapitel 6)**

Det vert gitt støtte til ei styrking av utdanning- og karriererettleiing som er kompetent og som er tett på dei faktiske behov for kompetanse som det er behov for. Dette er oppgåver som ein gjerne kan involvera næringslivet i, i større grad enn praksis er til no. Dette gjeld ikkje minst på det lokale nivå. Eit døme er at ein kjenner til omdømme som havbrukssektoren har, eit omdømme som ikkje lenger stemmer med utviklinga i sektoren. Endringane som kjem med ny teknolog og nye kompetansebehov i alle bransjar og offentlig sektor, gjer at det er ei utfordring å ha ein oppdatert kompetanse for å gjennomføra ei relevant og motiverande rettleiing i framtida.

### **Innstilling til vedtak/tilråding:**

Kommunestyret sluttar seg til rådmannen si vurdering i saka og ber om at denne vert lagt til grunn som Øygarden kommune si høyringsuttale.

### **Behandling i Kommunestyret (KS) 14.06.2017:**

---

Desse tok ordet i saka:

Per Morken (Ap), Børge Haugetun (TVØ)

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret (KS) - 040/17**

Kommunestyret sluttar seg til rådmannen si vurdering i saka og ber om at denne vert lagt til grunn som Øygarden kommune si høyringsuttale.

Siri Fahlvik Pettersen

Rådmann

Siri Fahlvik Pettersen

Sakshandsamar

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*